

BOKN KOMMUNE

Forvaltningsstyre

HOVUDUTSKRIFT

Møtedato: 03.06.2015

Møtetid: Kl. 19:00 –

Møtestad: Boknatun

Saksnr.: 016/15 - 027/15

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedl. møtte	Parti
Trond Nedrebø	SP	Johannes Nilssen	SP
Edgar Våge	H	Marie Løvold Faye	A

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte
Marie Løvold Faye	021/15	Ingen

Møteleiar:	Eiliv Staalesen
Frå adm. møte:	Kåre Bua, Bjørn Løvland, Hans Faye
Utlevert i møtet:	
Orientering:	
Sp.mål/interpell.:	
Synfaring:	
Diverse:	

Underskrifter:

Sakliste

Sak nr.	Saktittel
016/15	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 28.04.2015.
017/15	Reguleringsplan for Vågaheia.
018/15	Reguleringsplan for Hålandsjøen småbåthavn.
019/15	Reguleringsplan for Føresvik Sør -2.gongs handsaming
020/15	Reguleringsplan Fyrvegen - endring av reguleringsføresegnene
021/15	Reguleringsplan for strandområdet mellom Alvestadkroken og Føresvik.
022/15	Gnr. 2 bnr. 15 - Bente Vaage- tilbygg til garasje - klage på dispensasjonsvedtak
023/15	Gnr. 11 bnr. 98 - Marit og Halvard Nilsen - utlegging av utriggar - klage på vedtak
024/15	Gnr. 11 bnr. 309+185 - Stangeland Rune Eiendom AS - tilbygg og påbygg lager/industribygg - dispensasjon
025/15	Tildeling av hjorteløyver 2015.
026/15	Meldingssaker til forvaltningstyremøte 03.06.2015.
027/15	Søknad om dispesasjon for riving av bestående hytte og oppføring av ny-GNR.11 BNR80

016/15: Godkjenning av møteprotokoll frå møte 28.04.2015.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

03.06.2015 FORVALTNINGSSTYRE

FV-016/15 VEDTAK:

Møteboka vart godkjent utan merknader..

017/15: Reguleringsplan for Vågaheia.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Bogn kommune viser til motsegn dagsett 17.12.2014 frå Statens vegvesen til reguleringsframlegg for Vågaheia, og tek denne til fylgje, jfr. § 5-4 i plan- og bygningslova.
Som ein konsekvens av dette, vil kommunen ikkje fremje reguleringsplanen for vidare handsaming før det er endeleg avklara at planframlegget ikkje kjem i konflikt med traseval for framtidig E39.
Det vert elles vist til andre innspel i høyringsrunden, som må avklarast før planen eventuelt vert handsama vidare når vegspørsmålet er avgjort.
2. Det vert lagt til grunn at forvaltningsstyret sitt vedtak kan klagast på til kommunestyret av tiltakshavar til planen.

03.06.2015 FORVALTNINGSSTYRE

Møteleiar orienterte om at rådmannen hadde bedt om at saka blei trekt frå sakskartet av di det var kome fram vesentlege moment, som ikkje har blitt kommentert frå forslagsstillar eller er drøfta i saksframlegget.

Konsulenten var etter førehandsavtale til stades for å orientera om saka.

Med bakgrunn i dette foreslo møteleiar fylgjande saksgang.

1. Utvalet tek stode til om konsulenten skal få orientera.
2. Orientering frå konsulenten om utvalet godkjenner dette.
3. Utvalet tek stode til om saka skal bli trekt frå sakskartet.

FV-017/15 VEDTAK:

1. Utvalet godkjente, mot 2 røyster frå AP, at konsulenten fekk orientera om saka.
3. Saka vart, mot 2 røyster frå SP, trekt frå sakskartet.

018/15: Reguleringsplan for Hålandssjøen småbåthavn.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

I henhold til PBL §§12-11 godkjenner forvaltningsstyret at forslag til revidert reguleringsplan for småbåthavn ved Hålandssjøen datert 29.07.2014, sist revidert 20.05.2015 med tilhørende bestemmelser av 23.04.2015, sist revidert 21.05.2015 legges ut til offentlig ettersyn.

03.06.2015 FORVALTNINGSSTYRE

FV-018/15 VEDTAK:

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke samrøystes.

019/15: Reguleringsplan for Føresvik Sør -2.gongs handsaming

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Bokn kommune vedtek framlegg til reguleringsplan for Føresvik Sør – med plankart dagsett 26.05.2015 og føresegner dagsett 26.05.2015.

Vedtaket er gjort med heimel i § 12-12 i plan- og bygningslova.

2. Det er ein føresetnad at dei omsøkte fråvika frå bør krava i vegvesenet sine reglar, vert godkjent på møte i fråviksnemnda 11.06.2015

03.06.2015 FORVALTNINGSSTYRE

Senterpartiet sette fram forslag til vedtak som følgjer:

Bokn kommune vedtek framlegg til reguleringsplan for Føresvik Sør med plankart dagsett 26.05.2015 og føresegner dagsett 26.05.2015 samt følgende tillegg:

Rekkefølgekrav:

- Planen sine vegløyser, inkl. miljøgate og ny veg mellom Fv. 890 Føresvikvegen og Fv. 892 Kyrkjebakken, må ferdigstilles før nye anlegg tas i bruk. Dette for å sikre den ønskede effekten med hensyn til et tilnermet bilfritt miljø for brukerne av skole/ hall.
- Gang- og sykkelstiar, samt fortau og gatebelysning må ferdigstilles før nye anlegg tas i bruk.
- Hovedplan for VA-anlegg, inkl. plassering av septiktank for området må utarbeides og anlegg ferdigstilles før nye anlegg tas i bruk.
- Krav til parkeringsplasser må beskrives i reguleringsbestemmelsene, og parkeringsplasser ferdigstilles før nye anlegg tas i bruk.
- Planen må konkretisere hvor lenge midlertidige anlegg kan benyttes. Ref. Pbl. 30-5 og prinsipputtalelse/ fortolkning av 18/5 – 2011. Ref. regjeringen.no.
- Risikovurdering vedr. E.P. II må tydeliggjøres, og eventuelle konsekvenser og risikoanalyser utarbeides av personell med fagkompetanse. Gasco må uttale seg om risikoanalyse og beredskap.

FV-019/15 VEDTAK:

Senterpartiet sitt framlegg fekk 2 røyster frå SP og ei frå AP og fall.

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke mot 2 røyster frå SP og 1 frå AP.

020/15: Reguleringsplan Fyrvegen - endring av reguleringsføresegnene

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-10 vert framlegg til endring av føresegnene til reguleringsplanen Fyrvegen, dagsett 18.05.2015, vedteke sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker.

3.06.2015 FORVALTNINGSSTYRE

FV-020/15 VEDTAK:

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke mot 3 røyster frå Ap

021/15: Reguleringsplan for strandområdet mellom Alvestadkroken og Føresvik.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kommunestyret viser til vedtak i sak 033/14 og held fast på dette, med den endring at reguleringsføresegnene vedkomande storleik på naust og fritidsbustad vert justert slik at dei samsvarer med føresegnene til kommuneplanen sin arealdel.

Administrasjonen vert oppmoda om å ta kontakt med fylkesmannen/fylkeskommunen med tanke på å få gjennomført mekling i samsvar med § 5-6 i plan- og bygningslova.

03.06.2015 FORVALTNINGSSTYRE

Saka vart drøfta og høgre peika på at ein ville vera mest tent med å taka motsegn frå fylkesmann og fylkeskommune til følgje og leggja inn turvegen og ved det få godkjent ein plan som vil tena mange ved at ein får klarleggja plantilhøva i den aktuelle strandsona.

Høyre sette fram forslag som følgjer:

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-10 vert framlegg til detaljregulering av turveg mellom Alvestad og Føresvik med kart dagsett 11.06.2014 og føresegner dagsett 11.06.2014 med den endring at storleiken på naust og fritidsbustad vert justert slik at dei samsvarer med føresegnene til kommuneplanen sin arealdel, sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker.

FV-021/15 VEDTAK:

Rådmannen sitt framlegg fall.
Framlegget frå høgre vart vedteke mot 2 røyster frå SP.

Vidare saksgang

Etter dette blir saka lagt fram for kommunestyret for endeleg vedtak.

022/15: Gnr. 2 bnr. 15 - Bente Vaage- tilbygg til garasje - klage på dispensasjonsvedtak

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Bokn kommune finn ikkje at klage dagsett 15.12.2014 frå Fylkesmannen i Rogaland inneheld nye opplysningar eller argument som ikkje var kjent då det vart gjort vedtak i sak 049/14. Kommunen heldt derfor fast på vedtaket i sak 049/14.
Saka vert sendt Fylkesmannen i Rogaland for endeleg avgjerd.

03.06.2015 FORVALTNINGSSTYRE

FV-022/15 VEDTAK:

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke mot 2 røyster frå AP.

023/15: Gnr. 11 bnr. 98 - Marit og Halvard Nilsen - utlegging av utriggar - klage på vedtak

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Forvaltningsstyret finn ikkje at klage frå nabo dagsett 23.03.2015 inneheld opplysningar og argument som ikkje var kjent då det vart gjort vedtak i sak 043/15. Forvaltningstyret held derfor fast på vedtaket i sak 043/15.
2. Saka vert sendt fylkesmannen i Rogaland til endeleg avgjerd.

03.06.2015 FORVALTNINGSSTYRE

FV-023/15 VEDTAK:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

024/15: Gnr. 11 bnr. 309+185 - Stangeland Rune Eiendom AS - tilbygg og påbygg lager/industribygg - dispensasjon

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer forvaltningsstyret frå stadfesta reguleringsplan med føresegner og frå avstandskravet i § 29-4 i plan- og bygningslova for oppføring av tilbygg og påbygg på lager/industribygg slik som det er søkt om.
Det er lagt vekt på at utbygginga ikkje vil hindre tilkomst til regulert kaiareal nordafor den aktuelle eigedomen, og tiltaket elles ikkje vil føre til at omsynet som ligg bak lova og planen med føresegner vert sett vesentleg til sides.

Det vert i samband med dette lagt vesentleg vekt på at regionale styresmakter ikkje har merknader til saka.

Føremona med å gje dispensasjon vert vurdert som klårt større enn ulempene etter ei samla vurdering.

2. Dersom det ikkje kjem klage på dispensasjonsvedtaket innan klagefristen, kan endeleg byggeløyve gjevast administrativt på delegert fullmakt.

03.06.2015 FORVALTNINGSSTYRE

FV-024/15 VEDTAK:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

025/15: Tildeling av hjorteløyver 2015.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Med heimel i Forskrift om forvaltning av hjortevilt §21 godkjenner forvaltningsstyret (viltnemnda) tildeling av kvoter for hjort og rådyr slik det fram går av tabell i saksutreiinga.

Fellingsavgiften skal være kr.390,- for vaksne dyr (1,5 år og eldre) og kr. 236,- for kalv. Dette er beløp som myndighetene fastsetter hvert år.

Boknatun 27. mai 2015

Kåre Bua
teknisk sjef

Jan Erik Larsen
skogbrukssjef

03.06.2015 FORVALTNINGSSTYRE

FV-025/15 VEDTAK:

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med den endring at kvoten i kvart vald vert redusert med ein kalv.

Forvaltningsstyret ber rådmannen om å gjera ei grundig vurdering av bestand og fellingskvoter før neste års kvotetildeling.

026/15: Meldingssaker til forvaltningsstyremøte 03.06.2015.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Meldingssakene blir tatt til orientering.

03.06.2015 FORVALTNINGSSTYRE

FV-026/15 VEDTAK:

Meldingssakene vart tatt til orientering.

027/15: Søknad om dispesasjon for riving av bestående hytte og oppføring av ny-GNR.11 BNR80

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Med hjemmel i PBL§19-1 dispenserer forvaltningsstyret fra PBL§8-1 for riving av bestående hytte på gnr.11 bnr.80 og oppføring av ny fritidsbolig med tilsvarende størrelse og samme plassering.

03.06.2015 FORVALTNINGSSTYRE

FV-027/15 VEDTAK:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

